

Fire svaner på Fjellandsbø har fått ei femte med i flokken.

22.02.2020



No har fem svaner sin faste plass på og ved Fjellandsbøvatnet.

**Talet svaner på og ved Fjellandsbøvatnet aukar. For ei veke sidan fekk dei fire svanene ei femte svane med i flokken. Det er tydeleg at den siste svana, som kom til, er som femte hjul på vogna. Dei fire svanene, Uskedalen.no skreiv om i desember, er to svanepar. Då trengst det sikkert litt tid for å ta den femte med i fylgje.**

Møyfrid Kristoffersen går dagleg tur langs Fjellandsbøvatnet. Ho ser og registrerer fugle- og dyrelivet og synst det er interessant å sjå kva som skjer i naturen. Alt i 2018 såg ho svaner vinterstid på Fjellandsbø, flokkar på 2 - 6 svaner. Svanepara denne gongen kom tidleg i desember månad i fjor.

I desember fortalde Reidar Myklebust til Uskedalen.no at det er knoppsvaner vi ser i Uskedalen. Knoppsvanene har svart nebb innerst og S forma hals. Sangsvanene har svart nebb ytterst. Svanene er freda og kan ikkje skytast utan løyve.

Det er eit vakkert syn å sjå fem svaner på Fjellandsbø, på vatnet og i våtmarka rundt.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Møyfrid Kristoffersen